



Statens vegvesen

Flo 1 AS
Spelhaugen 8
5147 FYLLINGSDALEN

Endre Floen

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/83618-2

Dykkar referanse:


Vår dato:
26.06.2017

Uttale – Dispensasjon fra byggegrense – Fv. 394 – Tilbygg – Gnr. 245 bnr. 18 – Lindås kommune

Vi syner til søknad mottatt 13.06.2017.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om tilbygg til fritidsbustad på gnr. 245 bnr. 18 i Lindås kommune. Det er opplyst at tiltaket ikkje gjev endring i avkøyrsløse og siktlinjer. Mykje av eksisterande fritidsbustad ligg like nære veg som omsøkte tilbygg.



Figur: Søknad om dispensasjon frå byggegrense langs veg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Opplysning om saksgang:

Arealdelen av kommuneplan for Lindås har egne føresegner om byggjegrænse langs veg, jf. *1. Generelle føresegner og retningslinjer. Pkt. 1.6*. Det er difor Lindås kommune som skal handsame denne søknaden. På bakgrunn av dette må du sende søknaden over til Lindås kommune som rett mynde.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. *Nedanfor følgjer vår uttale som du kan leggje ved din søknad til Lindås kommune:*

Uttale til dispensasjon:

Byggjegrænse langs veg skal ta i vare omsynet til trafikktryggleiken, vedlikehald av vegen og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 500. Fylkesveg 394 er klassifisert som haldningsklasse 4 jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse langs riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*. Det vil mellom anna seie at vegen har funksjon som lokalveg.

Tilbygget er plassert med næraste bygningsdel 12,2 meter frå vegmidte. Vi har ikkje mottatt målsatte teikningar, så det er vanskeleg for oss å vurdere denne avstanden. Med bakgrunn i at det her er tale om eit mindre tilbygg til eksisterande fritidsbustad har vi ikkje vesentlege merknaden til ein dispensasjon slik det er søkt.

Ut frå ei tolking av vegbileter og flyfoto vurderer vi at avkøyrslforholda på sikt bør utbetrast, sjølv om dette ikkje er søkt om no. Det er særleg svingradius som er langt under dei krav vi setter. Det er difor relevant at kommunen ikkje må gje løyve til tiltak på eigedomen som er til hinder for ei framtidig utbetring av avkøyrsla. Nye tiltak på eigedomen kan difor ikkje kome nærare avkøyrsla enn det som no er søkt om.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ